



Notat

Til: Anne Lise Molvik

Kopi til:

Saksbehandlar: Planavdelinga/Line Thuen Waage
Vår referanse: 17/3528 - 6 / Gbnr - 107/5, FA - L33
Dato: 18.01.2018

Emne: Planavdelinga sin uttale til søknad om oppretting av ny bustadtomt - gbnr 107/5 Kolås

Saka gjeld søknad om frådeling av bustadtomt på gnr. 107 bnr. 5 på Kolås. Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Den nye parsellen ligg innanfor omsynssone landbruk (H510_oL1) og omsynssone friluftsliv (H530_oF11).

Planavdelinga meiner at omsøkt frådeling kjem i vesentleg konflikt både med LNF-føremålet og med jordvernet. Ei oppretting av ny bustadtomt her vil kunne bidra til å bryte opp eit samanhengande landbruksområde. Dette meiner planavdelinga er uheldig.

Planavdelinga vil difor rå i frå dispensasjon i denne saka.

